

29.11.2017

Skyss
Ansvarleg skuleskyss
Postboks 7900 - 5020 Bergen

Bekymring for busskapasitet for elevar ved Knarvik ungdomsskule.

Foreldrerådet sitt arbeidsutval og samarbeidsutvalet ved Knarvik ungdomsskule er bekymra for kapasiteten og tryggleiken på busstilbodet både før og etter skuletid. Elevar melder frå om at bussane er fulle. Dei må stå tett i tett i gangen. Dette gjeld fleire av strekningane, men Alver –Knarvik er den som er verst. Både frå Seim og frå Leikneskrinsen vert det rapportert at det er trangt på bussane. Skulen har tatt opp kapasiteten med Nobina gjentatte gongar.

Vi ber om at Skyss sikrar kapasiteten slik at alle elevane sin tryggleik vert ivareteken ved at alle får sitjeplass på bussen og at det berre i ekstraordinære tilfeller må takast i bruk ståplassar.

Helsing
Samarbeidsutvalet ved Knarvik ungdomsskule
Arne Ramslien (S)

Kopi:
Nobina
Ordførar i Lindås
Kommunalsjef for oppvekst i Lindås

